

Varsel om oppstart av planarbeid

Revisjon av kommuneplanens samfunnsdel 2024 – 2040

PLANPROGRAM

Vedteke av kommunestyre 17.juni 2024 i k-sak 66/24

Innholdsfortegnelse

1.1	Kvifor kommuneplan – samfunnsdel.....	3
1.2	Kva er kommuneplan – samfunnsdel	3
1.3	Rammeverk for kommuneplanens samfunnsdel.....	4
1.3.1	Samordning og samarbeid i planlegginga	5
1.3.2	Trygge og inkluderande lokalsamfunn.....	5
1.3.3	Velferd og berekraftig verdiskaping	6
1.3.4	Klima, natur og miljø for framtida	6
1.3.5	Samfunnstryggleik og beredskap for framtida	7
1.4	Føremålet med planprogram.....	8
2.1	Utfordringar og moglegheiter for Vanylvsamfunnet.....	8
2.2	Demografisk utvikling i Vanylven kommune	9
2.3	Næringsliv og kompetanse.....	10
2.4	Areal, miljø og klima.	10
2.5	Levekår, oppvekstsvilkår og folkehelse.....	12
2.6	Fokusområder for kommuneplan for samfunn.....	13
3.1	Forholdet mellom kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel.....	13
3.2	Handlingsplanen i kommuneplanen	14
3.3	Arbeidsmetodikk	14
3.4	Kunnskapsgrunnlaget	14
4.1	Organisering og framdrift	15
4.2	Framdriftsplan.....	15
5.1	Medverknad og informasjon	16
5.2	Referansegrunnlag	16
5.3	Innspel.....	16

1.1 Kvifor kommuneplan – samfunnsdel

Alle kommunar skal ha kommuneplan. Dette fylgjer av plan- og bygningslova kap. 11.

Kommuneplanens samfunnsdel er kommunens verktøy for heilskapleg planlegging, både med omsyn til kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål. Den skal ta utgangspunkt i kommunens planstrategi og byggje på retningslinjer og pålegg frå regionale og statlege styresmakter.

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel (handlingsprogram) som skal reviderast årleg. Gjeldande kommuneplan blei vedtatt av kommunestyret 09.05.2023. Det er no behov for ein «planvask» av kommuneplanens samfunnsdel. Kommunedirektøren ynskjer difor at ein startar opp arbeidet med revisjon av samfunnsdelen.

1.2 Kva er kommuneplan – samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for Vanylvsamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Samfunnsdelen skal vere grunnlag for sektorane sine planar. Den skal angi korleis kommunen sine mål skal nåast og dei strategiar som skal bli nytta, internt i kommunen og ved medverking frå andre offentlege organ og private.

Kommunen sin samfunnsdel skal leggest til grunn for kommunens eiga verksemd, og for statlege og regionale styremakter si verksemd i kommunane. Kommuneplanen sin handlingsdel skal gi grunnlag for prioritering av ressursar, og konkretiserer tiltak innafor kommunen sine økonomiske rammer.

Målet med kommuneplanprosessen:

- Utarbeide visjon, mål og strategiar for Vanylvsamfunnet fram mot 2040
- Utarbeide ein kommuneplan som er eit overordna politisk og administrativt verktøy, og som skal fungere som eit heilskapleg og solid fundament for den langsiktige og berekraftige samfunnsutviklinga i Vanylven.
- Politisk forankring av planen i høve det nye kommunestyret sine prioriteringar.

1.3 Rammeverk for kommuneplanens samfunnsdel

I planstrategi for 2020-2024 er det bestemt at kommuneplan for samfunn har prioritering for kommande planarbeid. Planstrategi gir også ei innføring i utfordringsbildet som ligg til grunn for samfunnsdelen, jamfør kapittel 2 nedanfor.

Kommunen sin planstrategi for den nye valperioden 2024-2027 var til behandling i formannskapet 23.01.2024. Her gjorde formannskapet vedtak om å starte opp arbeidet med ny planstrategi for 2024-2027. Ein startar difor opp arbeidet med revisjon av kommuneplanens samfunnsdel parallelt. Planforslaget vart sendt ut på høyring, jf pbl §10-1. Kommunen vil få tett oppfølging frå Statsforvaltaren i planarbeidet dei neste fire åra.

Planstrategi skal utarbeidast etter kvart kommuneval, i samsvar med dei nasjonale forventningane som sist vart vedteke ved kongeleg resolusjon 20.juni 2023. Desse samla mål, oppgåver og interesser skal leggjast til grunn for arbeidet til kommunestyra med regionale og kommunale planstrategiar og planar. Dei nasjonale forventningane skal også leggjast til grunn for korleis dei statlege styresmaktene skal ta del i planlegginga. Oppfølging frå alle partar vil bidra til betre samanheng mellom nasjonal, regional og kommunal planlegging, og gjere planlegginga meir føreseieleg og målretta.

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Forventningsdokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging. Kommunane har ansvar for å finne heilskaplege løysingar, der ein har både lokale forhold og lokalpolitiske interesser og omsyn i tankane – saman med nasjonale og viktige regionale interesser. Forventningsdokumentet er ikkje uttømmende for alle oppgåver og omsyn som kommunane skal sørgje for gjennom planlegginga etter plan- og bygningslova. Ein må difor sjå dokumentet i samanheng med det regelverket og den rettleiinga som gjeld.

Dei nasjonale forventningane dannar ei viktig ramme for strategiar og satsingar for kommunane si planlegging på lokalt nivå, i tillegg til kommunane sine eigendefinerte utfordringar og regionale føringar.

Regjeringa har for perioden 2023-2027 har fylgjande utfordringar:

- Nå måla om redusert klimautslepp
- Ansvarleg forbruk

- Ressursbruk
- Bevaring av naturmangfald
- Mindre ulikskap

Dette er utfordringar som påverkar Vanylvsamfunnet i stor grad og dannar eit grunnlag for arbeidet med revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel. For å avgrense utfordringane legg regjeringa fram fem fokusområde som vil vere avgjerande for å sikre og fremje ei berekraftig utvikling.

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

1.3.1 Samordning og samarbeid i planlegginga

Regional og kommunal planlegging er det viktigaste styringsverktøyet fylkeskommunane og kommunane har for ei berekraftig samfunnsutvikling basert på lokalt folkestyre. Regjeringa meiner det er viktig at det i samfunns- og arealplanlegginga blir lagt til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet.

Dei overordna planane skal peike ut retning for samfunnsutviklinga, bidra til at ein når berekraftsmåla, og samordne oppgåver og omsyn som er viktige for å få til dette. Oppdaterte planar er nødvendige for å ta tak i aktuelle utfordringar og for å sikre at nasjonale rammer og mål blir følgde opp. Planprosessar som er opne og involverande, gjev legitimitet til vedtekne planar. Det er samtidig viktig at planane er realistiske og legg til rette for effektiv ressursbruk i det offentlege og for private. Dette krev ei tett kopling mellom overordna planlegging og økonomiplanlegging.

1.3.2 Trygge og inkluderande lokalsamfunn

Noreg er variert og mangfaldig, og dette mangfaldet er verdifullt. Regjeringa er oppteken av at fylkeskommunane og kommunane i planlegginga legg til rette for trygge og inkluderande lokalsamfunn i heile landet. Eit sosialt berekraftig samfunn føreset at vi lykkast med å utvikle store og små byar, større og mindre tettstader og spreiddbygde strøk, slik at det er godt å bu, leve og arbeide der.

Samfunns- og arealplanlegginga skal sikre fysiske omgjevnader og sosiale arenaer som er varierte, inkluderande og varige, med tilgang til nødvendige tenester for alle delar av folkesetnaden. Gode lokalsamfunn og nabolag i by og bygd gjev grunnlag for stabile bumiljø og livskvalitet i ulike fasar av livet. Attraktive og godt planlagde omgjevnader, tilgang til natur og varierte tilbod og møteplassar er viktig for identitet, folkehelse, og miljø.

1.3.3 Velferd og berekraftig verdiskaping

Velferd og verdiskaping for framtida må utviklast innanfor ramma av sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å leggje til rette for grøne næringar og overgangen til ein meir sirkulær økonomi, sikre god infrastruktur og bidra til omstilling i offentleg sektor. Heilskapleg planlegging er nødvendig for å sikre ressursgrunnlaget for utvikling av natur- og kulturbaserte næringar som landbruk, reindrift, fiskeri og reiseliv.

Eit berekraftig velferdssamfunn med levande distrikt er avhengig av at det blir skapt verdiar i heile landet. Gode rammevilkår for eit mangfaldig, berekraftig og konkurransedyktig næringsliv er sentralt. Fylkeskommunane og kommunane kan gjennom si planlegging og kunnskap om regionale og lokale føresetnader og fortrinn gje eit viktig bidrag til å stimulere berekraftig næringsutvikling i heile breidda av næringslivet, og dermed bidra til å leggje til rette for vekstkraftige regionar og lokalsamfunn

1.3.4 Klima, natur og miljø for framtida

Parisavtalen om klima og det globale rammeverket for naturmangfald gjev rammer for nasjonal politikk og er sentrale for å kunne nå berekraftsmåla. Langsiktig velferd, verdiskaping og livskvalitet i tråd med berekraftsmåla er avhengig av at ein varetek mange omsyn samtidig: Vi må halde intakte økosystem ved lag, vareta naturmangfaldet, kulturmiljø og friluftslivsområde og avgrense og tilpasse oss klimaendringane, samtidig som vi sikrar vidare utvikling av gode offentlege tenester, infrastruktur og lønsam næringsverksemd.

Regjeringa meiner heilskapleg samfunns- og arealplanlegging må bidra til at ein ser innsatsen for klima og miljø i samanheng og på tvers av sektorane. Viktige tema i regionale og kommunale planar framover vil vere omsyn til naturmangfald, omstilling til eit klimarobust lågutsleppssamfunn, langsiktige arealvurderingar for å minimere arealtapet av natur og heilskapleg forvaltning av vassressursane.

1.3.5 Samfunnstryggleik og beredskap for framtida

Sikre og oversiktelege lokalsamfunn er den viktigaste ramma for at vi alle skal ha ein trygg kvardag. Fylkeskommunane og kommunane kan som planstyresmakter bidra til dette ved å leggje til rette for at ny utbygging er trygg mot naturfarar no og i framtidsklimaet, og mot ulukker og annan samfunnsrisiko. Dette sikrar eit best gjennom tverrfagleg og heilskapleg arbeid med samfunns- og arealplanar, risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskapsplanar. Samfunnet er avhengig av at planlegginga sikrar areal for matproduksjon og bidreg til tilgang til reint og tilstrekkeleg drikkevatt, kraftforsyning og kommunikasjon. God beredskap er også avhengig av at ein sikrar Forsvaret sine behov.



Innanfor berekraftsmåla ligg tre grunnelement som har betydning for samfunnsutviklinga: klima og miljø, økologi, økonomi og sosial forhold. Kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og realisering av berekraftsmåla i Noreg. Vi er nærast befolkninga, lokale bedrifter og organisasjonar. Samtidig er vi ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar befolkningas levekår og utviklingsmoglegheiter. Difor er det avgjerande å setje klare rammer for berekraftig utvikling i offentleg planlegging. Berekraftsmåla gjev difor viktige føringar for Vanylven kommune sine tenesteområde og kjem til å vere med på å gjere kommunen berekraftig og framtidsretta.

1.4 Føremålet med planprogram

Formålet med planprogrammet er å presentere ei oversikt over det føreliggjande planarbeidet og etablere ei forankring til planarbeidet før prosessen startar.

Planprogram er difor fyrste steg i arbeidet med kommuneplan og grunnlaget for å skape engasjement på eit tidleg stadium. Her skal det avklarast kva spørsmål planarbeidet skal fokusera på, og korleis arbeidet med rullering av kommuneplanen skal gjennomførast. Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 tek føre seg at planprogrammet skal klargjere føremålet med planarbeidet og avklare rammer og premiss for den vidare prosessen. Plan- og bygningslova §§ 11-14 og 11-15 tar føre seg korleis høyringsprosessen skal gjennomførast, og kven som har vedtaksrett i planarbeidet

2.1 Utfordringar og moglegheiter for Vanylvsamfunnet

I planstrategi 2024-2027 som no er ute til høyring vert det omtalt ulike utfordringar i Vanylven kommune. Utfordringar er overhengande områder som er særskilt viktige at kommuneplanen omtalar i vidare arbeid:

- Demografisk utvikling
- Næringsliv og kompetanse
- Areal, klima og miljø
- Levekår, oppvekstvilkår, utanforskap og folkehelse

Dette er utfordringar som vil liggje til grunn for vidare arbeid med kommuneplanen for samfunn. Likevel er det viktig og påpeike at utfordringar gjev også moglegheiter. Vanylven har eit potensiale når det gjeld areal, med gode bustadområde og ledig næringsareal.

Likevel er vi den tapande part nar det gjeld nyetablering, og vi vert færre og eldre.

Samtidig med at vi prøver å få unge familiar hit, må vi bu oss på eldrebølgja - men med færre hender i arbeid. Kompetanse kan sjå ut til a vere eit viktig stikkord, og interkommunalt samarbeid og gode samferdselsløysingar kan hjelpe oss på veg.

Kommuneorganisasjonen sitt tenestetilbod har i stor grad vore desentralisert - og dermed kostbart. Dette har vorte vesentleg endra siste ara. Økonomisk stode for kommunen er at utgiftene aukar, medan inntektene har minka siste ara.

Folketalsnedgang som gjev stagnasjon i dei frie inntektene, den demografiske utviklinga

med færre born og fleire eldre, og at tenestestrukturen enno ikkje er tilpassa befolkningsgrunnlaget gjer det utfordrande å balansere ei forsvarleg drift med god økonomi på sikt. At ein går frå økonomiske fokus i utviklingsarbeidet til eit kvalitativt tenestefokus vil vonleg bidra til ei langsiktig omstilling. God styring og kompetanse er viktig i eit slikt arbeid.

2.2 Demografisk utvikling i Vanylven kommune

Framskrivinga frå SSB syner at folkesetnaden i Vanylven kommune vil stagnere fram mot 2030. Prognosane visar at det vil truleg vere 2600 innbyggjarar i Vanylven ved år 2030. Det vil truleg verte små omsiftingar i busettingsmønsteret i Vanylven kommune. Folkesetnaden vil bu lite konsentrert, noko som kan vera utfordrande for kommunen på sikt.



Figur 5: Befolkningsutvikling i Vanylven kommune fordelt på alder, SSB

Med ein nedgang i folkesetnaden vil statlege overføringar til Vanylven kommune reduserast, noko som vil påverke lokalsamfunnet og dei kommunale sektorane. Det er likevel noko usikkert om Vanylven sin folkesetnad endå vil ha ein like stor del innvandrarar i kommunen framover. Då delar av innvandringa består av arbeidsinnvandring og er avhengig av den marine og maritimeindustrien - næringar som er i dag er inne i omstrukturering. Innbyggjarane i Vanylven kommune har ein gjennomsnittsalder på 47 år.

Framskrivinga visar at gjennomsnittsalderen gradvis vil auke mot 2030 dette er grunna at talet på eldre veks og talet på ungdomar minkar. Dette er ei urovekkande utvikling ettersom den venta eldrebølgja allereie har kome til Vanylven kommune og forsørgjarbyrda aukar. Det er også forventet ei nedgang i talet på fødte born i Vanylven kommune. Medan utdanningsnivået i folkesetnaden er i dag svak, vil den truleg auke i planperioden. Dette er både positivt og negativt ettersom det kan skape eit større klasseskilje i folkesetnaden. Samstundes kan det bli vanskeleg å skape nok arbeidsplassar med behov for høg kompetanse.

2.3 Næringsliv og kompetanse.

Vanylven kommune er ein liten næringskommune som består hovudsakeleg av gruvedrift, marine og maritime verksemdar. NHO utføre årleg eit Kommune-NM er ut frå dei økonomiske prestasjonane og rammebetingelsane for næringslivet i norske kommunar. Kommune-NM 2019 dekkjer fem temaområder: Næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommuneøkonomi. Under NHO sitt 2019 kommune-NM er Vanylven kommune den 360. beste kommunen i landet, og den svakaste næringskommunen i fylket. Vanylven sitt næringsliv har vore sterkt påverka av oljekrisa som førte fleire verksemdar i kommunen inn i resesjon. Dette har påverka arbeidsplassdekninga og næringslivet i kommunen. Telemarksforsking sin modell for arbeidsplassvekst peikar på tre faktorar for vekst i næringslivet; næringsattraktivitet, bustadsattraktivitet og besøksattraktivitet. Vanylven har i dag eit næringsliv som i fleire år har vore råka av utider difor er det naudsynt at næringslivet i kommunen har fleire «bein og stå på», spesielt under lågkonjunkturperiodar er kommunen og næringslivet svært sårbart. Etersom offshoreindustrien og andre aktørar gjennomgår ei omstrukturering er det vanskeleg å sjå om dette er realistisk innan den maritime næringa. Om befolkningsnedgangen held utan at det skapast nye arbeidsplassar i Vanylven, kan det medføre mindre næringsaktivitet. Tradisjonelle næringar som gardsdrift er også truga av endringar, det er i gang eit generasjonsskifte innanfor næringa. Vanylven er i dag ein av dei største jordbrukskommunane i Møre og Romsdal, men auka driftskrav og interesse for jordbruk legg press på næringa. Difor er det viktig å leggje til rette for nyetablering og vekst. Reiseliv og turisme er områder med store moglegheiter for ringverknad for næringslivet i kommunen. Kommunen arbeider aktivt for å styrkje skaparvilja til innbyggjarane, der målet er at dette skal resultere i nye arbeidsplassar og auka diversiteten av næringsstrukturen i kommunen - som igjen kan vere med på å gjere næringslivet mindre sårbart mot konjunktursvingingar. Kommunen må samarbeide med næringslivet, innbyggjarane og nabokommunane om ei reiselivssatsing for å styrkje denne næringsverksemda.

2.4 Areal, miljø og klima.

Det er eit mål for Noreg at innan 2030 skal klimagassutsleppa i kommunane vera redusert med minst 55% samanlikna med nivået i 1990. Klimagassutsleppet i Vanylven var i 2018 på 220464,9 tonn CO₂ ekvivalentar. For kommunen er det sjøfart og jordbruk som påverke utsleppstala mest. Mellom 2016 til 2018 har utsleppa minka med 16,36%. Under planperioden 2020-2023 vil Vanylven kommune truleg få eit mindre behov for tilrettelegging av fleire bustadar og industri områder. Det vil vere viktig å fokusere på gjenbruk av areal og redusere svinn av jordbruksmark. Truleg vil det kome skjerpe krav til miljø, klima og

berekraftig arealbruk for kommunen.


Det er forventa at ei auke i mangfaldet av husvære i kommunen, noko som kan påverke noverande arealbruk og bidra til at fleire går frå einbustad til leilegheit.

Det er viktig at kommunen aktivt

fremje tiltak for gåande og syklande slik at enda fleire let bilen stå

når dei har ærend i nær miljøet. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (2016) estimerer at det framtidige havnivået kan stige med 75 cm i området kring Vanylven kommune fram til 2100.

Det 10 vert også stadfesta at med klimaendringar vil det koma fleire kraftige stormar. DSB tar for seg stormflo opp til 198 cm over dagens havnivå. Med klimaendringar vil det verta vanlegare med episodar med kraftig styrtregn og kommunen må leggje til rette for handtering av overvatn i utbygde strøk.



Figur 6: Utslepp av klimagassar i Vanylven kommune, miljødirektoratet.

2.5 Levekår, oppvekstvilkår, utanforskap og folkehelse.


Folkehelse og levekår i kommunen er den samla innsatsen som direkte eller indirekte fremjar helse og trivselen til befolkninga, førebygger mental- og somatisk sjukdom, skadeleg lidning, eller som vernar mot helsetruslar - og arbeider for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helse. Folkehelse er eit viktig satsingsområde, og evna kommunen har til langsiktig og målretta arbeid på dette feltet vil vera avgjerande for ei positiv samfunnsutvikling. For Vanylven kommune har den gjennomsnittlege levealderen auka som eit resultat av økonomisk utvikling og god velferd. Innbyggjarane i Vanylven vert likevel omfatta av ei nasjonal og internasjonal trend der helseproblem i aukande grad har samanheng med usunt kosthald i kombinasjon med mangel på fysisk aktivitet. Dette har mellom anna medført til ei auke i tilfelle av

fedme/overvekt, hjarte- og karsjukdommar, diabetes og kreft.

Det vert òg notert at ein aukande del av befolkninga har mentale plagar eller mentale symptom.

Vanylven har i dag fleire aktive idrettslag, likevel er ikkje dette tilbod som passar alle. Difor vert det alt viktigare å legge til rette for uorganisert aktivitet for alle aldersgruppe. Ved å oppmuntre til fysisk aktivitet kan ein få

førebyggjande effektar på til dømes mental helse og livsstilsjukdomar. Sjølv om oppvekstvilkåra i Vanylven er positive jamført med nasjonale tal, må ein arbeide vidare med det helseforebyggande arbeidet. Dette gjeld særskilt skjermtid, haldning til rus, overvekt og mobbing blant dei yngre. Det er store sosiale forskjellar når det gjeld folkehelse blant innbyggjarane i Vanylven. Lik nasjonale trendar er det ofte innbyggjarar med låg inntekt og svak utdanningsbakgrunn som er i risikograppa. For god samfunnsutvikling må kommunen halde fram med å støtte barnefamiliar med låg inntekt, arbeide for auka livskvalitet for borna og minske klasseskilnader i samfunnet og sørgje for mindre utanforskap i kommunen. Utanforskap blant unge vaksne er ei utfordring i Vanylven kommune og noko som må jobbast med for å bekjempe i åra framover. Gjennom stortingsmeldingar som «Leve heile livet», peikar ein på at innbyggjarane sjølve har eit ansvar for eige helse. Kommunen kan leggje til rette gangstiar, møteplassar og andre arenaer som har på verknad på folkehelsa og det psykososiale miljøet. Det vil verte eit større behov i



Figur 7: Påvirkningsfaktorar for helse, Dahlgren og Whiteheads, 1991

framtida for at innbyggjarane aktiverer seg sjølve og er opne om eigen livsstil og helsesituasjon.

2.6 Fokusområder for kommuneplan for samfunn

Fokusområda bygger på det kunnskapsgrunnlaget som er gjort greie for i planstrategien, det vert vist til omtale av desse i planstrategien.

Desse tema vil bli nærare gjennomgått i kommuneplanen:

- Barn og unge
- Omsorg og trivsel
- Attraktivitet for etablering
- Klima, energi og miljøutfordringar
- Gode oppvekst- og læremiljø
- Aldersvenleg samfunn

Det er også behov for å endre noverande visjon, ettersom visjonen i eksisterande kommuneplan er svært omfattande. Det vil under prosessen med ny kommuneplan verte utarbeida ein visjon for Vanylven samfunnet fram mot 2040. Visjonen skal vise veg for kommunen og Vanylvsamfunnet si målsetjing for framtida.

3.1 Forholdet mellom kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel

Samfunnsdelen av kommuneplanen gjer greie for lokale, regionale og nasjonale føringar og premissar, klargjer problem og utfordringar og gir mål og prioriteringar. Kommuneplanens arealdel skal ta opp i seg og vera eit viktig verkemiddel for å gjennomføre dei arealmessige behova og prioriteringane frå samfunnsdelen. Plan og bygningslova § 11-2 og § 11-3 stadfester at samfunnsplanen skal leggjast til grunn for kommunens eiga verksemd, for statens og verksemda til regionale styresmakter i kommunen, og for privat verksemd som blir rørt av planen. Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeidast arealplanar for delar av kommuneområdet. Kommuneplanens arealdel skal angi hovudtrekkane i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva for nokre nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, og dessutan kva for nokre viktige omsyn som må takast vare på ved disponeringa av areala. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, avgjerder og planskildring der det kjem korleis fram nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk, er tatt vare på.

3.2 Handlingsplanen i kommuneplanen

Handlingsplanen skal vere ein del av økonomiplanen.

Aktivitetane og retningsvala som er peika ut i økonomiplanen, må vere forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel. Handlingsdelen skal leggje føringar for korleis samfunnsplanen vert følgd opp dei fylgjande fire åra eller meir, og skal reviderast årleg, jf. Plan- og bygningsloven § 11-1.

3.3 Arbeidsmetodikk

Vanylven kommune skal strekke seg etter ein heilskapleg struktur for styring. Med det ein tydeleg planstruktur, og definerte tilnærmingar til korleis vi utarbeidar og rullerar planverket. Dette skal sikre medverknad og borgarinvolvering.

3.4 Kunnskapsgrunnlaget

I arbeidet med samfunnsdel av kommuneplan visast det til at kommunen har eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag som på ein tilstrekkeleg måte avdekker kommunen sine utfordringar.

Til kunnskapsgrunnlaget har vi data frå:

- Statistikk- ungdatabasen, oppvekstprofilen, innbyggjarundersøkinga, kommunestatistikk m.fl
- Kommunebarometeret
- Telemarksforskning
- Klimarekneskap
- Folkehelseoversikt
- Berekaftsindikatorane
- Utfordringar identifisert av administrasjonen
- Innspel frå medverknadsprosessar
- Eksisterande planar, avtalar og målsettingar
- Nasjonale, regionale, lokale føringar, planar, lover, retningslinjer

4.1 Organisering og framdrift

Oppdragsgjevar : Kommunestyret

Styringsgruppe: Formannskapet

Planansvarleg: Kommunedirektøren

Prosjektgruppe: Kommunedirektør og sektorleiarar

Interne referansegrupper: Avdelingar i Vanylven kommune, tillitsvalde, ungdomsråd, råd for funksjonshemma, eldrerådet, barnerepresentant i planlegging.

Eksterne referansegrupper: Fylkesmannen, fylkeskommunen, lag og foreiningar, brukar- og interesseorganisasjonar, næringslivet, frivillige organisasjonar, nabokommunar.

4.2. Framdriftsplan

Fase 1: Planoppstart og planprogram

Oppstart revisjon planprogram	Mars 2024
Utkast planprogram behandlast i formannskap	9.april 2024
Oppstart revisjon samfunnsdel og høyring av planprogram	12.april - 10.mai
Behandling av innspel	10.mai – 22.mai
Politisk behandling i formannskap	28.mai
Politisk behandling i kommunestyre: Vedtak planprogram	17.juni

Fase 2: Revisjon kommuneplanens samfunnsdel

Analyse og kunnskapsgrunnlag	Mai
Medverknadsfase og utarbeiding av planforslag	Juni
Politisk behandling i formannskap: Planforslag høyringsutkast	August
Høyring og offentleg ettersyn (min. seks veker)	Oktober
Behandling av innspel	November
Politisk behandling i kommunestyre: Vedtak samfunnsdel	November

5.1 Medverknad og informasjon

Planprosessen skal syte for at det blir debatt om aktuelle utfordringar. Alle parter skal bli sikra god dialog og reell medverknad i dei ulike fasane i prosessen. Igangsetting av planarbeidet blir varsla i Synste Møre, og lagt ut på kommunen si nettside og Facebook-side. Etter høyringa vil innspel bli vurdert før det blir lagt fram revidert planprogram for politisk handsaming og endeleg vedtak.

Då gjeldande samfunnsdel vart utarbeida, vart det gjennomført ein grundig medverknadsprosess både i høve politikarar, næringsliv, innbyggjarar og kommuneadministrasjon. Det var nødvendig med ein brei medverknadsprosess. I denne runden med «planvask»/ revisjon av kommuneplanens samfunnsdel, har ein eit meir solid grunnlag å gå ut frå, når ein no skal revidere planen for samfunn. Føremålet med denne revisjonen er å justere samfunnsdelen til det nye kommunestyret og deira prioriteringar, og sørgje for ein effektiv prosess slik at ny samfunnsdel er klar tidleg i valperioden. Derfor ynskjer vi å leggje størst vekt på politisk forankring av planen.

5.2. Referansegrunnlag

Resultat av prosessar knytt til plan for barn og unge, arbeid med kommunedelplan for klima, erfaring frå deltaking i berekraftsfylket og deltaking i KS sitt nettverk for aldervennlege lokalsamfunn, Husbanken sitt nettverk for aldervennleg bustadutvikling, politikaropplæring med Statsforvaltar, Fylkeskommune og Distriktssenteret vil også bli lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

5.3 Innspel

Har du innspel, kommentarar eller synspunkt kan du sende det til postmottak@vanylven.kommune.no merka “kommuneplanen sin samfunnsdel”.